



Møtereferat

Saksnr. 2025/261694-
7
Dokumentdato 09.03.2026

Deltakere	Ragnhild Opsahl Steigen, Eileen Rag Norheim, Sandra Postigo Romero, Anna Blawat, Rannveig Øvrebø, Yvonne Aartun, Jarand Larsen-Rodvelt
Forfall	Elevrådet
Referent	Jarand Larsen-Rodvelt Sjernerøy oppvekstsenter
Møtedato/-tid	09.03.26 kl 19.00
Møtested	Sjernerøy oppvekstsenter

Referat SU Sjernerøy 1/2026

Sak	Beskrivelse	Ansvarlig
1	Sakar frå elevrådet - Elevrådet har vald å ikkje stille på SU-møte i kveld. - Sakar i elevrådet kom opp til lærarane, ikkje noko av relevans for SU.	
2	Resultat elevundersøkinga - Fogn, Ombo og Sjernerøy i 5-6.klasse er slått saman i ei gruppe, under Fogn 5.klasse (for få respondentar gjer at me ikkje får sjå tala, difor har me slått saman så me får større grupper og derav kan sjå resultat). - Me skårar under landssnittet på det meste. Vanskeleg å vurdere tala sidan me er så lita gruppe, mange gutar. Me er sårbare for svingingar og påverknad frå enkeltrespondentar.	

	- Me veit at alle faktorane går «inn i» kvarandre og påverkar kvarandre. - Motivasjon 3,0 – her skal me satse og sette inn tiltak.	
3	Budsjett og økonomi - Likt budsjett kvart år. Ingen endringar i tildeling, me får justert budsjett ut i frå lønsvekst. - Er ein del reparasjonar på oppvekstsenteret for tida. T.d. dører og vindauge på 1-3.klasse sitt klasserom, ventilasjon som utbetrast.	
4	Kabal for hausten 2026 - Me er 3-delt skule og vil ha 3 klassar igjen til hausten. 1.-2.trinn går i lag, 3.-4.trinn og 5.-7.trinn. - Lærarkabalen for hausten 2026 er ikkje lagt endå. - I barnehagen har me fått nok søkarar til at ein neste barnehageår vil ha 4 vaksne i barnehagen.	
5	Barnehageundersøkinga - resultat: • Sett opp mot andre øyer. • Samanlikna med fjoråret. Me skårar ganske likt på foreldreundersøkinga. Litt lågare på bemanningstettheit. Ein teori me har er at sidan det er så få vaksne, opplevast det som færre enn i større barnehagar (der det også er fleire barn). Me har riktig bemanningstettheit i fht antal barn, her er det bemanningsnorm og pedagognorm. Saknar at alle svarer, bør vere mogleg med så små forhold. 3 som ikkje svarte i år. Ein svarer per barn.	
6	Overgang til bokmål - Har ikkje høyrte noko frå kommunen, har bedt om nytt møte.	

	- Skriftspråk blir bokmål og alle må skrive dette. I opplæringslova står det at foreldre kan velje kva målform elevane skal lese. - Altså bokmål er vår målform i august 2026.	
7	Eventueltsakar • Ønskjeleg foreldremøte bhg? I så fall, kva? ○ Eileen tar ein runde og høyrer om kva de ønskjer av innhald i foreldremøte. ○ Foreldremøte for nye barn. Få info om dette tidleg. Mai? • Oppfordring til foreldre om å sende med leiker og spel til SFO, om dei har noko dei vil bli kvitt. • Kjølene er reparert. Hurra! • Snakk om ønskeliste: ○ Me ønskjer veldig vegger på gapahuken – t.d. pleksiglas, levegg osv. • Uteskulefaget på mellomtrinnet er tatt frå kroppsøvfaget. Dei har uteskule annakvart år på mellomtrinnet, dei åra 1.-4.trinn har symjing. 1.-4.trinn sin uteskule er tatt frå fleire fag, «resttimar» frå mange fag (samfunn, natur, litt norsk, litt M&H, kroppsøving, krle).	